



Erstadvegen Vel

Referanser:

Dykkar: Bjørnar Solbakken

Vår: 19/238 - 19/10264

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

29.03.2019

## Svar på brev vedk. forslag og krav til regulering av Erstadvegen

Vegavdelinga og avdeling oppvekst/skule i Lindås kommune vil med dette brevet svare på dei punkta som er lista opp i brevet frå Erstadvegen Vel.

Då brevet er delt inn i ulike punkt, svarer me kvart punkt for seg.

### a. Fart

Det er vegtrafikklova som er gjeldande i Norge og kvar enkelt sjåfør er pliktig til å tilpasse farten etter vegforholda. Som de skriv er det 2 generelle fartsgrenser i denne lova, det er 50 og 80 km/t. Kommunen kan gjere eigne vedtak for å regulere farten langs kommunale vegar, men særskilt vedtak om fartsgrenser under 50km/t vert berre nytta i byggefelt, i tettbygd strøk og i nær tilknytning til/forbi skular/barnehagar. Det er få kommunale vegar som er skilta med fartsgrense, unntaket er 30-sone skilting i tettbygd strøk.

Erstadvegen ligg i eit område med spreidd bustadbygging og der er det i utgangspunktet vegtrafikklova som regulerer farten. For å kunne vurdere om vegen tilfredstiller krav om særskilt skilting av fart, er det behov for å foreta ei fartsmåling over tid. Vegavdelinga vil forsøke å utføre fartsmåling i løpet av sommaren.

Alle skiltvedtak som omhandlar fart og andre forbudsskilt må til uttale hos politi og regionale vegmynde. Det er berre politiet som har høve til å handheve skilta langs offentlege vegar. Me vil difor ta kontakt med desse etatane for å sjekke påstanden om at vegen bør nedjusterast og regulerast med tanke på fart.

### b. Lys

Lindås kommune har i dag 214km med kommunal veg, mange av desse vegane er smale, utan lys og dei er skuleveg for mange born. Ynskje om veglys langs kommunale vegar er ein førespurnad Lindås kommune får fleire av kvar månad.

Slik situasjonen er i dag har ikkje vegavdelinga budsjett til å få montert nye veglys langs vegane og drift- og vedlikehald av veglysa er den største driftsutgifta etter vinterdrifta.

Det krev ei større investering å skulle montere nye lys, nye krav til måleskap og eigne stolpar for lyspunkta gjer at dette ikkje lenger er ein enkel sak å få til.

Fleire plassar i kommunen har lokale vellag søkt om å få setja opp veglys for eiga rekning. Dei har då oppretta veglag som har eigen driftsavtale med BKK og det er veglaget som krev inn

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



driftsutgiftene frå alle som bur langs vegen. De må gjerne søke kommunen om å få løyve til ei slik løysing.

**c. Møteplassar**

Lindås kommune har hatt fleire dialogar med grunneigar langs vegen over fjellet og har ikkje fått løyve til å etablere fleire møteplassar langs Erstadvegen. Det er og ein jordskiftedom på kor eigedomsgrensa går og kommunen kan dessverre ikkje bruke meir ressursar på å få dette til. Lindås kommune kan heller ikkje skilte med parkering på anna manns grunn. Erstadvegen vil difor fortsetje å vere slik den er i dag, med få møteplassar.

**d. Bompengar og gjennomkøyring**

Når det kjem til spørsmålet om bompengar og gjennomkøyring, vil ikkje dei som skal nordover på fv57 mot Lindås bli råka av bomringen. Vegavdelinga er difor ikkje bekymra for auka trafikk over fjellet med bakgrunn i Nordhordlandspakken. Bomstasjonen på fv57 Isdalstø skal plasserast mellom rundkøyringa i Isdal og Sparbutikken. Om det vert endring i plassering av denne, vil vegen over Erstadfjellet vere med i ei slik vurdering.

Det skal etablerast fem bomstasjonar når Nordhordlandspakken skal byggast.

- Bomsnitt 1: På-/ avramping E39 Flatøy
- Bomsnitt 2: E39 Flatøy
- Bomsnitt 3: E39 Mundalsberg
- Bomsnitt 4: Fv. 565 Radøy
- Bomsnitt 5: Fv. 57 Isdalstø



Her kjem dei forskjellige bomstasjonane

**e. Merking**

Alle skilt som skal setjast opp langs offentleg veg, krev vedtak. Kven som har mynde til å gjere desse vedtaka varierer med type skilt. Når det gjeld forbudskilt skal politiet alltid gi ei uttale då det er dei som skal handheve skiltet etter gjeldande lovverk.

Alle skilt fører med seg ein kostnad, både innkjøp og vedlikehald. Ein må difor vere sikker på at dei vil ha effekt. Slik situasjonen er i dag, vert ikkje parkering forbudt respektert i sentrumsnære strøk og ein tviler difor på at dei vil ha effekt over fjellet. Vegavdelinga vil spørje politiet om å gi ein uttale til forbod om gjennomkøyring og parkeringsforbod over Erstadfjellet. Ein slik uttale vil gi grunnlag for vidare vurdering av skilting.

Born leikar er eit skilt som ikkje er offentleg godkjent. Det vert difor ikkje gitt løyve til å setje opp slike skilt. Skilta ein ofte ser ute langs vegane er hengt opp av privatpersonar og utan lovleg vedtak. Ved jamne mellomrom vert slike skilt fjerna, men med få ressursar og andre saker som er viktig å fylgje opp, er ikkje fjerning av «barn leiker-skilt» det vegavdelinga har hovudfokus på.

**f. Grusveg**

Kommunen har dessverre ikkje høve til å gå inn å lage ein grusveg på strekninga de refererer til. Det vil krevje ei stor investering om kommunen skal inn å gjere slike tiltak, det er mange slike stiar/snarvegar rundt om i kommunen og ein har ikkje ressursar eller økonomi til å ruste opp alle. Slik vegavdelinga forstår det, er dette ein sti/veg som i dag vert nytta av bebuarane på Erstad og andre som skal den vegen. I tillegg ser me at de er villige til å lage vegen på dugnad.

Lindås kommune foreslår difor at de som velforening tek initiativet sjølv og går i dialog med grunneigar(ane) om løyve til å gruse opp og tilrettelegge for gangtrafikk på dette strekket. De kan spørje kommunen om tilskot i form av kulturmidlar, grus og midlar til konkrete formål som for eksempel turveg-skilt, drenerør og material.

**g. Fortau og ytterlegare utbetring**

Som de skriv, det er lov å ynskje seg!

Me tek alle innspel me får med vidare i vurderingane som ver gjort, både med tanke på små enkle tiltak under driftsavdelinga og større investeringar. I tillegg vert Trafikksikringsplanen rullert med jamne mellomrom. Erstadvegen vert såleis vurdert saman med alle dei andre kommunale vegstrekningane som snart vert fleire når me går over til Alver kommune.

**h. Skoleskyss**

Lindås kommune, teknisk og oppvekst, hadde i 2017 ei bestilling der alle vegar med trafikk innanfor 4km til kvar skule i Lindås kommune vart analysert av eit eksternt firma.

Norconsult fekk jobben og resultatet vart ein rapport med oversikt over dei vegane/strekningane/punkta som er innanfor dei kriteria som er sett for å være «Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg». Trygg Trafikk og UDIR sine retningslinjer var grunnlaget Norconsult tok utgangspunkt i.

I «Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020» som vart rullert same år, vart vegane delt inn i 3 kategoriar. Inndelinga var særleg farlig eller vanskelig (1), vegar utan fortau (2) og vegar med fortau eller gang og sykkelveg (3). Erstadfjellet ligg i kategori 2.

Rapporten er retningsgjevande i arbeidet med å vurdere kven som får og ikkje får skuleskyss dekkja. Uavhengig av om vegen borna bur langs har kategori 1, 2 eller 3, må kvar enkelt familie som ynskjer skuleskyss til borna sine sende inn søknad. Vedtak om skuleskyss kan berre bli gitt som enkeltvedtak og ikkje for ei heil gruppe samla.

Dei som vurderer søknadane som kjem inn, er plikta til å hente inn opplysningar om barnet sine føresetnader før dei kan vurdere søknaden. Då er det ei samla vurdering av det som står i søknaden og den informasjonen ein får frå skulen og evt. andre offentlege instansar som vert lagt til grunn. Automatikk og fast skuleskyss med minibuss som er ynskje de kjem med, kan dessverre ikkje innvilgast. Etter regelverket skal kvart enkelt barn vurderast kvar for seg og det er på bakgrunn av det barnet som har søkt at eit vedtak eller avslag blir gitt. Kva type skyss ein får vert vurdert ut i frå kor mange som får innvilga søknaden sin på dei ulike strekningane.

#### **Så eit svar til konklusjonen og anbefalinga dykkar.**

Me set stor pris på at lokale lag og foreiningar engasjerer seg og gir innspel på korleis det er ute langs vegane våre. Me treng slike innspel når det skal gjerast ulike vurderingar både på kort og lang sikt.

Me kan dessverre ikkje innvilge alle ynskjer, men me har dei alltid med oss i det vidare arbeide langs med vegane våre.

Når ein ser på mindre tiltak kvar for seg, kan dei sjå små ut og virke lite kostnadskrevjande. Alle forslag som kjem inn til vegavdelinga i Lindås kommune må vurderast samla og midlane skal hentast frå same budsjett.

Det er difor tiltak frå Trafikksikringsplanen som får fyrste prioritet i potten som er sett av til trafikksikring.

I tillegg må det utførast ein del sjekkar/målingar internt og eksternt som til slutt dannar grunnlag for vedtak om tiltak.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Erstadvegen Vel